

Årsmelding for Mosmarka barnehage

Då er nok eit barnehageår straks over! Her er ei oppsummering av året som har gått, med fokus på viktige hendingar og utviklingstrekk i barnehagen.

Barnehageåret 2024/2025

Dette barnehageåret har vi hatt 105 born fordelt på små- og storbarnsavdelingane. Vi har 30,6 årsverk. I 2025 har vi også tilsett tre nye og dyktige medarbeidarar som vi meiner vil vere positivt for barnehagen.

Det har vore nokre utfordringar knytt til sjukefråværet dette barnehageåret, der særlig september skilde seg ut med ein topp på nesten 20 %. Gjennom nært samarbeid med dei tillitsvalde har det vore jobba systematisk med å redusere fråværet. Resultata er positive, og i april 2025 var fråværet nede i 5,5 %. Til no i mai har vi kome under 3,2 %.

Dette er også det siste året barnehagen fungerer som lærarutdanningsbarnehage. Vår femårige samarbeidsavtale med høgskolen i Volda vert avslutta sommaren 2025, og vi ser tilbake på eit verdifullt samarbeid som vi er takksame over å ha vore ein del av.

Våren 2024 vart lånet på Øvretrolla nedbetalt og avslutta. I tillegg har vi investert i tryggleik ved Øvretrolla/garasjen, der ei ny utetrapp og ei brannsikker rampe er kjøpt og montert. Snart kan vi også ta i bruk den nye gapahuken i skogen ovanfor barnehagen. Dette blir eit flott tilskot til våre uteaktivitetar, og vi vil rette ei spesiell takk til Ørsta vidaregåande for deira bidrag i dette prosjektet. Vi gleder oss til å ta den i bruk!

Vi vil også takke alle foreldre som har lagt ned ein fantastisk innsats gjennom dugnadar i 2024/2025. Dykkar engasjement er uvurderlig for barnehagemiljøet og bidreg til å skape gode rammer for barna. Vi vil også takke foreldra for godt samarbeid også dette barnehageåret.

Avslutningsmessig vil vi rette ein stor takk til dei tilsette i barnehagen. Dei gjer ein uvurderleg jobb og legg ned ein fantastisk innsats for å gjer barnehagen til ein super stad for dei små!

Med venleg helsing

Styret i Mosmarka barnehage SA

